



# Orientering om elg- og hjortjakt i Joramo bygdealmenning

## Jaktfelt:

Ålmenninga er inndelt i to jaktfelt under vanleg elg-/hjortjakt; Skogfeltet og Fjellfeltet. Grensa mellom felta går slik: skiløypa frå Hindåe opp til undergang ved Hanshusbakkjinn, jernbanelina ("tredje lina") til overgang for Gardsenden-/ Grønsetervegen, deretter bilvegen opp til Turrhaugen og vidare vegen til Grønsetre. Under eiga hjortjakt er heile ålmenninga eitt jaktfelt.

**Kvote:** Blir fastsett av Dovre Elgutvalg.

## Prisar (avg.fritt):

Elg, grunnpris	kr 3.500,-
Hjort, "	kr 1.500,-
Pris pr. kg for felt elg:	kr 68,- (halv pris for elgkalv u. 50 kg)
Pris pr. kg for felt hjort	kr 68,- (halv pris for hjortkalv u. 25 kg)

## Jakttid:

Vanleg elg- og hjortjakt:	25. september – 31. oktober
Eiga hjortjakt:	10. september – 22. september og 1. november – 15. november

## Vanleg elg- og hjortjakt

1. Jakttid: 25.09. – 31.10. (*kan forlenges ved behov*)
2. Loddtrekning mellom godkjente lag. Lag som har hatt jakt i Joramo bygdealmenning i løpet av dei siste tre åra stiller bak i trekningen. Tre-årsfristen blir bestemt ut frå den på laget som sist hadde jakt i Joramo bygdealmenning.
3. Minst ein av medlemene på laget må ha bruksrett i Joramo bygdealmenning og vera aktiv jeger med avlagt godkjent storviltprøve.
4. Lag med minst halvparten av medlemene busett i bygdelaget som soknar til ålmenninga og som ikkje (er tildelt) har jakt i andre vald i same periode, blir prioriterte ved trekning.
5. Jaktleiar må ha minst tre års erfaring som elgjejer.
6. Laget skal ha 6 -10 medlemmer.
7. Inntil to yngre jegerrekruttar (16 – 18 år) kan delta som gjestejegerar på elg-/hjortjakt.
8. Jaktlaget må ha ettersøksavtale om tilgang på godkjent ettersøkshund til jakt på elg, hjort og rådyr! (Skal følgje jegerkontrakt!)
9. Jaktlag med godkjent ettersøkshund innan laget blir prioriterte ved trekning. Dokumentasjon må ligge ved søknaden!

## Eiga hjortjakt.:

1. Jakttid: 10.09. – 22.09. og 01.11. - 15.11. (*kan forlenges ved behov*)
2. Eiga hjortjakt blir utlyst saman med vanleg elg-/hjortjakt, og det skal stillast same krav til jaktlag som for vanleg elg- og hjortjakt.
3. Jaktlag med godkjent ettersøkshund innan laget blir prioriterte ved trekning.
4. Hjort som er att av kvote etter fyrste periode 10.09. – 22.09., vil bli overført til elgjaktlag. I andre periode 01.11. – 15.11. kan det jaktast vidare på hjort som enno er att av kvote, eventuelt tilleggdyr.